

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett.

Det vert vist til ein varsla evalueringsrapport om drosjenæringa og utvalet ynskjer at denne vert lagt fram før det vert gjort vedtak i saka. I tillegg vil ein fylgja opp vedtak i samferdsleutvalet den 19.08.2015 og invitera representantar frå drosjenæringa til å leggja fram sine synspunkt for utvalet. Ein ynskjer også å invitera representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Det er eit ynskje at dette vert gjort på neste møte i utval for miljø og samferdsel den 10./11. februar."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.